

INSTRUKS FOR BILLETTPORT - 2018

Pr. 04.07.18

Dyrsku'n legg stor vekt på at vi alle er ein del av vertskapet og at alle ledd er like viktig for å sikre gode opplevingar av besøket på Dyrsku'n. Våre gjester skal bli møtt av eit hjelpande og hyggeleg vertskap anten dei søker informasjon eller har andre spørsmål.

1. Vaktleiar - ansvar og oppgåver

- Hente og returnere nøklar og anna utstyr til billettport på billettkontoret i Stogo.
- Hente vaktvestar til kontrollørane og radio på vaktkontoret i Raulandshytta
- Ein leiar i kvar port skal til ein kvar tid være utstyrt med vaktvest og radio
- Sjå til at billettsal og tilgangskontroll i porten går best mogleg. Ved utfordringar kontakt vakt/beredskapsleiar når det gjeld tilgangskontroll og til billettansvarleg når det gjeld billettsalet.
- Informere vertskapspersonane om logistikken i billettporten, slik at dei kan rettleie publikum på ein best mogeleg måte
- Vera godt kjent med kasse, betalingsterminal og scanner for å kunne bistå ved behov.
- Sikre at alle vaktene kjenner gyldige billetter / kort.
- Gjera seg kjent med beredskapsplanen for Dyrsku'n. Vera budd på å opne porten for utrykningskøyretøy og ved eventuell evakuering.
- Gjera seg kjent med Dyrsku'appen. På denne finn ein program, billettkjøp aktivitetar, utstillarar og oversiktskart.
- Avvise personar som er synleg rusa og som ber på alkoholhaldig drikke.

2. Billettørar - ansvar og oppgåver

- Oppmøte i god tid før vaktstart på Billettkontoret i Stogo for å hente billettveske.
- Billettsalet startar kl 9.00 og billettør må være på plass frå kl 8.30.
- Gjere seg kjent med kasse og betalingsterminal, sjå eigen instruks – kontakt vaktleiar frå laget ved spørsmål
- Kunden får med seg ein billett. Dei som kjøper 3 dagsbillett får id-band, som dei skal feste rundt handleddet. Merk at funksjonshemma må betale vanleg billett medan ledsager får fri inngang.
- Etter kvar vaktperiode skal ein gjere kasseoppgjør (sjå eigen instruks). Ta med rapport og pengar, og lever dei på billettkontoret i Stogo. Sjekk billettua for mista pengar.
- Billettsalet avsluttast: fredag og laurdag kl. 19.00 og søndag kl. 17.00

3. Kontrollørar - ansvar og oppgåver

- Møte i billettport 30 minutt før vaktstart.
- Bruke vaktvest, denne får de av vaktleiar i laget
- Stå oppreist, ver imøtekomande og hyggeleg overfor gjestene
- Alle stemplast ved inngang ved innlevering av billett/kort
- Må kjenne til alle type billetter og kort som gjev inngang til plassen (sjå oppslag), merk følgjande:
 - Offentleg beredskapspersonell i uniform har fri tilgang.

Viktige telefoner:

Vakt- og beredskapskontor – Raulandshytta 917 49 088

Vakt/beredskapsleiar Nils Tore Haugland 416 88 180 - Billettansvarleg Unni Eek 970 63 434

- Buss-sjåførar i uniform som kjem med full buss av passasjerar får fri inngang.
- Sjå til at alle som har kjøpt **3-dags id-band har festa bandet rundt handleddet** og hjelpe til med å feste bandet dersom det er behov. Dette gjeld også for id-band til utstillarar. Ingen skal sleppe inn før id-bandet er festa på ein forsvarleg måte.
- Sjå opp for forfalskingar av billettar og kort, blir dette oppdaga skal det meldast til vaktleiar, og personen(ane) skal takast med til vakt/beredskapsleiar.
- Kundekort, dagfrikort utstillar og frikort samlast inn og leverast til vaktleiar når vakta er slutt.
- Eigne band til dei som leverar inn dagfrikort utstillar. Alle utstillarar slepp inn frå kl 07.00.
- Følgje opp at det er sett opp fleksibelt ledegjerde ved alle portar, vaktene må tilpasse ledegjerda
 - lede publikum INN i ei trakt for kontroll og levering av kvittering/kort
 - lede publikum UT gjennom utgangsportane

4. Skanning av førehandselte billettar

- Ein åpnar for skanning kl 8.55
- Billettane skal skannast og sjekkast at dei er gyldig. Opplæring blir gjeve på fyrste vakt kvar morgon, og kontrollør lærer opp neste ved vaktskifte
- Hugs at dei med 3 dagsbillett får ID-band som skal festast rundt handleddet.
- Stå oppreist, ver imøtekomande og hyggeleg overfor gjestene
- Problem og uklarheit m.h.t. skanning, kontakt Ticketmaster sjå eiga telefonliste

5. Portkontroll etter at billettsalet er avslutta

- Det skal vere tilgangskontroll i billettportar ein halv time etter stengetid fredag og laurdag; Fredag 20.30, laurdag 20.30 og søndag 18.00
- Publikum oppfordrast til å forlate plassen når plassen stenger.
- Det er berre utstillarar, dyrskumedarbeidarar og beredskapspersonell som har tilgang etter stengetid.
- Kontrollørar i portane skal følgje opp og svare på spørsmål,
- Personar som er synleg rusa, og som har med seg alkoholhaldig drikke, skal ikkje sleppast inn på plassen – konferer med vaktleiar dersom det er naudsynt.
- Utstillarane har egne id-band, manglar dei band må dei oppgje standnummer og namn og sjekkast mot utstillarliste i for eksempel Dyrsku'appen.

Viktige telefoner:

Vakt- og beredskapskontor – Raulandshytta 917 49 088

Vakt/beredskapsleiar Nils Tore Haugland 416 88 180 - Billettansvarleg Unni Eek 970 63 434